

Referat frå FAU-møte:



Tid: kl.17.00-18.00

Dato: 27.05

Stad: Skogsvåg skule

SAK 1. Frå skule ved rektor:

- **Kartlegging tilbod sone sør:** Frå hausten ønskjer oppvekst å ha eit ekstra fokus på kartlegging av tilbod i ulike skulekretser. Ein skal kartlegge om nokon barn står utanfor tilbod på fritida. Det skal utformast ein informasjonsbrosjyre som kan nyttast i møte med føresette. Ein vil spørje spørsmål på utviklingssamtale om kva fritidsaktivitet barna går på, også vil ein gje ut informasjonsbrosjyre til føresette. Ein veit mykje om at barn treng å «høyre» til, på skule og i samfunnet. Viss barn er inkludert er det større sannsynlegheit for at ein t.d klarar å fullføre vidaregåande. Skule treng at SU gjer ein jobb med kartlegging og informasjonsdeling knytt tilbod sone sør neste skuleår.
- **Ønskje om midlar frå FAU:** bibliotek, bod og tryggefriminutt, kasse til trinn. Dialog med Kristine vidare.
- **Ferie-SFO:** frå haustferien på Skogsvåg. Open haustferie, vinterferie, to veker etter skuleslutt og ei veke før skulestart.
- **Nytt skuleår:** informasjon til føresette kjem ut onsdag den 03.06. Det er nokre lærarar som har fått innvilga studier, og det er vi glad for. Då får dei frikjøp i stillinga si, og skulen får eit kompetanseløft. Utlyst miljøterapeut. Vår jobb som leiargruppe er å sjå heilheta, tenke her og no, men og framover. Rektor er trygg på at ein har fått til noko som vert bra.
- **Førskuledag:** Den 09.06, kan nokon frå FAU kome for å snakke om smarttelefonfri barndom? Val av FAU, SU og klassekontaktar til hausten for alle trinn. Alle sit 1 år om gongen. Nye 1.klassingar vel på vårens foreldremøte. FAU-representantar kjem.
- **Oppmerking skuleplass:** rektor har vore i kontakt med drift, heilt okei å merke skuleplassen. FAU er positiv til dette. Det er kosta ute. Treng merking av t.d kanonballbana. FAU ønskjer dette klart til hausten og vil invitere til dugnad ila. våren. Rektor har ei brosjyre med døme på kva som kan gjerast, og Jannicke avdelingsleiar har nokre planar for friminutta. FAU kan kontakte Jannicke.

17.mai:

- **Frå elevrådet** Litt meir tid med bodar opne. Nokon som gjeikk glipp av 60m av elevar som stod i bod. 60m burde vore først. Kanskje meir leikar for dei

eldste. Litt dårlege dart pilar. Litt låg lyd. Tidleg å synge på sundheimen, stemmen er ikkje vakna.

Bra med loddtrekning. Gode premier.

Gøy med heiarop konkurranse. Gøy å synge i kor. Bra at Åsgeir er der.

Veldig bra tale frå 7.trinn. Veldig fint med spons til bongar.

- **Resultat frå spørjeundersøking:** gjennomgår resultat frå spørjeundersøking.
- **Tale frå 7.tr:** tilbakemelding frå mållaget om at talen må vere på nynorsk.
- **Felles skriv til alle:** Forslag frå FAU. Det kjem skriv til hausten med informasjon om 17.mai. Første møte vert i november. Ansvar for 17.mai er 2.,4.og 6.trinn, men ein opnar opp for at alle føresette kan bidra med bemanning og kaker. På hausten vel 2.4. og 6.trinn tre 17.mai kontakter.
- **Eventuelt:** møteplan for FAU kjem på hausten frå rektor.